

Informasjon om 17. mai - TV sendingar, rebusen, kortesjen og smittevern.

14.05.2020



8. mai var dagen for filming og delvis gjennomføring av nokre av programpostane. Bilete syner filming av talen for dagen.

Nokre har spurt om meir informasjon om årets 17. mai, praktisk og innhaldsmessig. Her kjem slik informasjon om TV sendingane, rebusen, kortesjen og om smittevern. Det ligg mykje arbeid bak ei gjennomføring av 17. mai slik det er i år. Uskedalen peikar seg ut med eit stort og gjennomtenkt program.



Uskedal Musikklag er på plass med minneprogrammet ved Bautasteinen.

1. Digitalt innhald i Kvinnheringen.

- Det vil bli lagt ut ein artikkel om 17. Mai-feiringa i Uskedalen om formiddagen 17. Mai.
- I artikkelen ligg det ein video av programmet, som ein må klikka på for å få spelt av. Det er mulig å koble ein PC til fjernsynet om ein ynskjer å sjå det der. Enten ved bruk av ledning(HDMI), AppleTv, Cromecast eller liknande. Nyare fjernsyn har også nettlesar integrert.
- Det er fint om nokon kan hjelpe eldre med å få logga seg inn, slik at alle har ein mulighet til å få sjå dette om dei vil. Artikkelen og videoen vil være open og tilgjengelig for alle, uavhengig av abonnement.

2. Rebusen:

- Husk å kjøpa program seinast på laurdag, slik at ein kan delta på rebusen. Svararket og kart ligg inne i programmet. Programmet er også einaste inntektskilde for 17. Mai komiteen i år. Det er flotte premier, og det er is til alle ungane som gjennomfører.

3. Smittevern:

- Arrangøren er ansvarleg for at det er lister over alle som deltar på arrangement, og at det er maksimalt 50 publikum på kvart arrangement.
- Det er viktig at dei som skal delta sender sms til Knut Olav Myklebust, med navn over alle som kjem fra kvar familie. Det er enno nokon som ikke har gjort dette. Dette gjeld både Stemneplassen og ved Bautasteinen.
- Dei som er inviterte er:
 - Ved Bautasteinen: Foreldre og søskjen til 5. klassen.
 - På Stemneplassen: Foreldre og søskjen til dei som spelar i skulemusikken, og til talerane.
 - På dei ulike arrangementa må det være minst to meter avstand mellom kvar familie.

4. Kortesjen:

- Det er flott om folk trekkjer ut til veien og observerer kortesjen når den kjører forbi. Husk å ha minst to meter avstand mellom kvar familie. Kjøreruta blir fra Børnes klokka 14, opp Døsslandssido, ned Kjerlandssido, gjennom sentrum og forbi Korsnes. Kortesjen løyser seg opp sjølv etter å ha passert Rød.

5. Takk til alle som har hjelpt til så langt. I år er det mange som får dobbel 17. Mai feiring, ved at dei allerede har teke del i innspeiling av programmet på 17. Mai. Også stor takk til Uskedalen.no, for hjelpe med å nå ut med nødvendig info i år som det er så mykje unormalt.

Tekst: Knut Olav Myklebust

Foto/nett: Kristian Bringedal



Skulemusikken har fått oppdraget med musikk og nasjonalsong på Stemnepllassen.